
Saksnr: 2021/943-1
Saksbehandlar: Trond Oalann, Ann Kristin
Kjerland, David Sandved,
Tor Titlestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.02.2021

Utviklingsstipend i tradisjonshandverk i Vestland. Innretting og kriteria for Vestland fylkeskommune sitt utviklingsstipend i tradisjonshandverk

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser på utviklingsstipend i tradisjonshandverk som eit viktig verkemiddel i forvaltninga av den immaterielle kulturarven.
2. Hovudutvalet for kultur, idrett og integrering sluttar seg til den føreslegne innrettinga og kriteria for Vestland fylkeskommune sine utviklingsstipend i tradisjonshandverk.

Samandrag

Saka gjeld etablering av utviklingsstipend i tradisjonshandverk. Etableringa av utviklingsstipend i tradisjonshandverk er eit viktig tiltak for å ivareta og vidareutvikle profesjonelle tradisjonshandverkarar, og set Vestland fylkeskommune i førarsetet for dette nasjonalt. Stipendet skal bidra til auka kompetanse på feltet og skape stoltheit og merksemd om den sentrale rolla tradisjonsberande handverkarar har i å ta vare på og vidareføra den immaterielle kulturarven til framtidens generasjonar. Framlegg til innretting og kriteria for tildeling av utviklingsstipend i tradisjonshandverk er lagt ved saka.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Den offentlege kulturminneforvaltinga har lenge vore orientert mot faste kulturminne og materielle verdiar. I løpet av 1980-tallet vart mange klar over at kulturelle tradisjonar var truga om ikkje tiltak vart sette i verk. Til dømes vart Hardanger fartøyvernsenter stifta i 1984 og Oselvarverkstaden i 1997.

I 2003 vart UNESCO-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv vedteken, og ratifisert av Noreg i 2007. Konvensjonen legg vekt på at den immaterielle kulturarven er ei sentral drivkraft for kulturelt mangfald og for å sikre ei berekraftig utvikling. Grunna globalisering, industrialisering og sosiale endringar, står deler av den immaterielle kulturarven i fare for å gå tapt.

Fylkeskommunen sin rolle i arbeidet med immateriell kulturarv

Det er Kulturrådet som har det overordna ansvaret for at konvensjonen vert implementert, og musea er tillagt ein stor del av det praktiske ansvaret. Forutan regional medfinansiering av musea, har regionalforvaltinga bidrege til kompetansemiljø som til dømes Stiftelsen Bryggen, Oselvarverkstaden, etablering av regional læringsarena for tradisjonshandverk knytt til Hardanger og Voss Museum og Fagskulen i Vestland. Fylkeskommunen gjev tilskot til ulike lag og organisasjonar som tek vare tradisjonsuttrykk, frå bunadstilverking til instrumentmaking. Gjennom sitt arkivarbeid bidreg Vestland fylkeskommune med å ta vare på og gjere tilgjengeleg kjeldemateriale som dokumenterer immaterielle kulturarv frå vår region. Fylkeskommunen forvaltar i tillegg stipendordningar retta mot utøvarar både i idrett, kunst og tradisjonsmusikk- og dans.

Utviklingsstipend i tradisjonshandverk som verkemiddel

Mange handverksfag er i dag under strekt press. Dette kan knytast til industrialisering og auka arbeidsinnvandring frå andre europeiske land. Med fall i både løn og status har sjølve handverket i dag utvikla seg bort frå det tradisjonelle handverket og mot meir montasjearbeid, med bruk av mekanisk verktøy og overgang til industriproduserte materialtypar.

Tradisjonshandverket er tufta på berekraftige prinsipp, der dugleik i bruk av verktøy samt kunnskap om foredling av stadeigne, naturlege materialressursar har vorte overførte over generasjonar.

Tradisjonshandverkarar styrkar den lokale økonomien og er ein innsatsfaktor i framtidens sirkulærøkonomi, der bygningsressursane skal reparerast og settast i stand. Gjenbruk av eksisterande bygningsmasse, der karbonfotavtrykket allereie er tatt, må i framtida prioriterast framføre riving og resirkulering av bygningsmaterial.

Utviklingsstipendet i tradisjonshandverk stettar fleire av strategiane og måla i Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024. Utviklingsstipendet vil styrke Vestland sin grønne konkurransekraft, utdanning og livslang læring.

I Kulturplanen i Sogn og Fjordane har det vore ei satsing på å ta vare på handverkstradisjonane med vekt på å involvere barn og unge i handverkstradisjonane. Etableringa av utviklingsstipend vil vere retta mot profesjonelle utøvarar, med prioritering av tradisjonshandverkarar i etableringsfasen eller under 30 år.

I Kulturplanen i Hordaland er det satt som eit mål for 22. innsatsområde tradisjonsuttrykk at desse skal bevarast og vidareutviklast og vere del av eit levande kulturliv. Dei aktuelle tiltaka (B og E) er å «ivareta tradisjonsuttrykk i kystkulturen» og «vidareutvikle tradisjonelle handverk». I planen heiter det: «I Hordaland er delar av denne kulturarven av ein slik karakter at private aktørar og offentlege styresmakter bør ta ansvar for å vidareføre og utvikle kunnskapen. For å sikre levedyktig utøving av denne kunnskapen vil utviklingsperspektivet vere særleg viktig.» Som eit konkret tiltak vil etablering av regionale handverksstipendstipend ivareta utviklingsperspektivet for det tradisjonelle handverket.

Vestland fylkeskommune vil at utviklingsstipenda skal auka kompetansen, skape stoltheit og merksemd om den sentrale rolla tradisjonsberande handverkarar har i å ta vare på og vidareføre den immaterielle kulturarven til framtidens generasjonar.

Innretting og kriteria for Vestland fylkeskommune sitt utviklingsstipend i tradisjonshandverk

Det er no utarbeidd innretting og kriteria for tildeling av utviklingsstipend i tradisjonshandverk som er lagt ved saka.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tiltaket er budsjettert for i 2021

Klima: Tradisjonshandverk stimulerer til gjenbruk og bruk av kortreiste materialressursar, og styrke Vestland sin grøn konkurransekraft

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Utviklingsstipendet vil styrke Vestland sin grønne konkurransekraft, utdanning og livslang læring.

Konklusjon

Fylkesdirektøren meiner at etableringa av utviklingsstipend i tradisjonshandverk er eit viktig tiltak for å ivareta og vidareutvikle profesjonelle tradisjonshandverkarar, og set Vestland fylkeskommune i førarsetet for dette nasjonalt, då dette er det første gong eit regionalt handverkstipend vert oppretta. Fylkesdirektøren meiner at dei vedlagte kriteria og retningslinjer for tildeling av utviklingsstipend ivaretek hovudmålsetjinga på ein god måte.